



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 03.06.2015

Sak nr.: 13/2377-44

Internt l.nr.: 20507/15

Sak: 57/15

Tittel: Regional plan for folkehelse 2015-2025

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Regional plan for folkehelse 2015 – 2025 vert vedteken slik han ligg føre, jf. vedlegg 1. Handlingsprogrammet for 2015 – 2018 vert vedteke med desse endringane:

Endringar i planen:

- a) Under pkt. 3, Satsingsområde: Endre pkt. 3 frå «Helsefremjande barnehagar og skular» til «Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule»
- b) Tillegg under pkt 3, Satsingsområde i planen, i 3. siste avsnitt s. 7. linje 2:integrering i samfunnet, heimane, barnehagane,.....
- c) Pkt 3.3, linje 2: Endre «mesteparten» til «mykje»
- d) Tillegg etter 1. avsnitt i pkt. 3.3: Det er svært viktig å få til godt samarbeid mellom barnehage, skule og heimane.
- e) Nytt kulepunkt under punkt 3.3, «Satsingsområdet skal fremje»: tiltak som fremjar stabile oppvekstforhold og trygge heimar

Endringar i Handlingsprogrammet:

Satsingsområde 3: Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule

Utfordringar og behov:

Tillegg:

- Legge til rette for stabile oppvekstvilkår
- Tillit og godt samarbeid mellom heimane og samfunnsinstitusjonar

Strategiar:

Nytt punkt B:

Tilby god helsestasjonsverksemd med foreldrerettleiing og tilbod om samlivskurs

Effekt:

- trygge foreldre
- færre samlivsbrot
- gje nettverk og inkludere

Dei neste punkta får då C,D, E osv.

- 2 Dette programmet vert rullert årleg, parallelt med budsjettprosessen, som eit fireårig dokument.